

TYSVÆR KOMMUNE

KONTROLLUTVALET ÅRSMELDING 2018



Himakånå

KONTROLLUTVALET
TYSVÆR KOMMUNE

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp drøfta og handsama i 2018.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal "**kontrollutvalet rapportere resultatane av sitt arbeid til kommunestyret**".

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter kommunelova § 77 nr 1 skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljast blant representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem eller varamedlem i andre utval.

Utvalet har etter siste val i 2016 og nyval i 2018 følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar **Arne Gjerde** (H)
Nestleiar **Øyvind Hellerslien** (Frp) (ny)
Medlem **Wenche Hellesund** (V)*
Medlem **Åse Paulsen** (Ap)
Medlem **Karsten A. Larsen** (Frp)

Varamedlemmer:

1. Marit Hølland Gjedrem (Sp)
2. Sigrid Skeiseid (Frp)
3. Katrine Bakkevig (H)
4. Harry Vessel Eike (A)
5. Asbjørn Espeset (KrF)

*frå 2019. **Linda Ånderå Bokn** (V) har møtt i 2018 og blei innvilga fritak frå 01.12.18

Ø. Hellerslien er utvalet sin kommunestyrepreressant. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møterett i kommunestyret og talerett når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har i 2018 møtt ein gong. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn. Han har i fjor møtt tre gonger, med Vallestad på fyrste møte og Eikje på dei to siste møta. I tillegg har økonomisjef, teknisk sjef, skulesjef, plansjef, personalsjef og innkjøpsleiar orientert i saker for utvalet.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2018

Kontrollutvalet har i 2018 hatt 4 (4) møte fordelt på to om våren og to på hausten. Utvalet held møta i rådhuset. Kontrollutvalet skal ha opne møte, men dei kan lukke når det er heimla i lov.

Utvalet har i 2018 hatt 28 (29) saker til handsaming der 5 (5) av sakene er vidaresendt til handsaming i kommunestyret. 43 (45) saker er blitt lagd fram til orientering. Samla oversyn over saker og orienteringssaker følger som vedlegg til årsmeldinga.

På kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund i februar deltok Åse Paulsen. På konferansen til Forum for kontroll og tilsyn i juni og dagskonferansen for kontrollutval i Rogaland på Sandnes i november deltok ingen frå Tysvær.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 28.05.18 kommunen sin årsrekneskap for 2017 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 34,8 mill.kr (etter avsetjing til driftsmidlar til investeringar og fond i samsvar med budsjett). Årsrekneskapen viste eit positivt netto driftsresultat med 88,7 mill. kr, som utgjer 8,5 % av driftsinntektene. I eit korrigert netto driftsresultat utgjer det 9 % av driftsinntektene inklusive renter og fråtrekk frå avtalt eigedomsskatt til Bokn kommune. Resultatet var heilt i toppsjiktet blant norske kommunar.

Kontrollutvalet hadde inga merknader til sjølve rekneskapet. Revisor hadde levert rein revisjonsmelding og hadde ikkje funne grunn for å komme med nokon revisjonsrapport.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Kommunestyret skal vedta planen. Tysvær kommune sin plan for 2016-2020 blei vedteken av kommunestyret i møte 21.06.16, sak 40/16.

Rapport om «Økonomistyring» blei lagt fram for kommunestyremøtet 06.02.18, sak 16/18. Det blei sett ein frist for tilbakemelding innan 12 månader. Tilbakemelding er venta til maimøtet i 2019.

Forvaltningsrevisjonsprosjekt om «*Investeringar - avgjerdsgrunnlag og styring*» blei lagt fram for kontrollutvalet og kommunestyret i september (25.09.18, sak 54/18). Det blei sett ein frist for tilbakemelding innan 6 månader. Tilbakemelding er venta til maimøtet i 2019.

Kommunestyret ønskte ny tilbakemelding om etterfølgjande arbeid etter rapport om «*Internkontroll*» i 2017. Denne blei lagt fram utvalet i mars 2018 og kommunestyret til møtet 20.03.18, sak 27/18. I same møtet blei også oppfølging av rapporten «*Kvalitet på opplæringa i skulane*» handsama (sak 28/18).

Kontrollutvalet valte nytt prosjekt for 2019 i september. Dei valte eit tema innan pleie – og omsorg og namnet på prosjektet er «*Kvalitet og ressurseffektivitet innanfor pleie – og omsorgstenestene*». Forvaltningsrevisorane kom med framlegg til prosjektmandat i november. Denne rapporten vil vere klar i til møtet i mai.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen for 2016-2020 og retningslinjene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 21.06.16, sak 39/16 på bakgrunn av ei overordna analyse.

Samordna selskapskontroll av Karmsund Havn IKS blei vedteken og gjennomført i 2018. Rapport blei lagt fram for kommunestyret i juni (sak 36/18). Det blei sett 12 månader for frist for tilbakemelding.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

KPMG AS har sidan 01.07.12 vore kommunen sitt revisjonsselskap. Noverande avtale gjeld frå 01.07.16 til 31.06.20 med opsjon til å forlengje avtalen med to år. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Roald Stakland. Han har møtt i alle fire møta. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen og dei har møtt i tre av møta i 2018.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det er presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

KPMG AS har lagt fram uavhengighetserklæring, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimrevisjonsarbeidet og lagt fram prosjektplan for kommande rapport og utarbeida forvaltningsrevisjonsrapport.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga er gjennomført ved at utvalet har fått orientering frå rådmannen om spørsmål og saker utvalet har spurt om.

I

I 2018 ble det gjeve tilbakemelding om kommunen sitt arbeide med personvernlova og ny GDPR-forordning.

Vidare har økonomisjef og plansjef blitt invitert til å orientere om sine ansvarsområde. Utvalet har også fått orientering om kommunen sine innkjøpsrutinar og praktiseringa av at tilsette ikkje kan bruke kommunalt utstyr og maskinar på fritida.

Det har elles i 2018 ikkje vore nokon innbyggjarar som har tatt kontakt med utvalsleiar eller andre i utvalet med ønskje om dei sett fokus på eit emne eller konkret sak. Utvalet er ikkje klageorgan for enkeltvedtak og skal heller ikkje overprøve politiske vedtak.

5 BUDSJETT/REKNESKAP FOR TILSYN OG KONTROLL

ANSVARsomRÅDE 10010	REGNSKAP 2017	BUDSJETT 2018	REGNSKAP 2018
REVISJON OG KONTROLLUTVAL			
Godtgjersle, kurs, m.m	133.809	84 000	65.110
Revisjonstenester (avt m/priv.)	382.188	510 000	394.743
Sekretariatstenester ((IKS)	186 000	192 000	192 000
Sum utgifter	701.997	786 000	651.853

Kontrollutvalet handsama hausten 2018 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2019. Framlegg til budsjett var på kr 802.000 eks mva. Framlegget er lagt inn av administrasjonen i rådmannens budsjettframlegg.

6. SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS blei etablert frå 2005 og vore i drift i 14 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Agder og Hordaland.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har egne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Tysvær kommune er Gunn Marit Lygre valt som kommunen sin representant til representantskapet i IKSet med Anders H. Nordgård som vara. Representantskapsmøtet blei halden 23.04.18. Lygre og Nordgård måtte begge melde forfall.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2018 har vore som planlagt. Det har vore utarbeidd og lagt fram ein forvaltningsrevisjonsrapport på hausten. Det har vore to oppfølgingssaker om tidlegare rapporta og ein rapport om selskapskontroll. Eit nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt er valt ut for 2019. Administrasjonen har gjort greie for saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

Aksdal, den 19.02.19

Kontrollutvalet i Tysvær



Arne Gjerde
leiar (sign.)



Øyvind Hellerslien
(sign.)



Ase Paulsen
(sign.)



Linda A. Bokn / Wenche Hellesund
(sign.)



Karsten A. Larsen
(sign.)

OVERSYN OVER SAKER 2018 – TYSVÆR KONTROLLUTVAL**Saker til handsaming:**

- 1/18 Godkjenning av protokoll frå møtet 14.11.17
- 2/18 Orientering frå administrasjonen - plansjefen
- 3/18 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Internkontroll» -
2. gang – ny statusrapport
- 4/18 Oppfølging av forvaltningsrapport om «Kvalitet på opplæringa i skulane»
- 5/18 Prosjektmandat – «Investeringar – avgjersgrunnlag og styring»
- 6/18 Deltaking i selskapskontroll – Karmsund Havn IKS
- 7/18 Årsmelding for 2017 frå kontrollutvalet
- 8/18 Referat- og orienteringssaker 27.02.18

- 9/18 Godkjenning av protokoll frå møtet 27.02.18
- 10/18 Orientering frå administrasjonen – økonomisjefen
- 11/18 Orientering om kommunen sine innkjøpsrutinar
- 12/18 Uttale om Tysvær kommune sin årsrekneskap 2017
- 13/18 Selskapskontroll – rapport - Karmsund Havn IKS
- 14/18 Personvernlova- konsekvensar for kommunen
- 15/18 Referat- og orienteringssaker 28.05.18

- 16/18 Godkjenning av protokoll frå møtet 28.05.18
- 17/18 Ny personvernlov – status for arbeidet
- 18/18 Orientering frå administrasjonen – bruk av kommunalt utstyr og maskinar
- 19/18 Forvaltningsrev.rapporten «Investeringar – avgjerdsgrunnlag og styring»
- 20/18 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt for 2019
- 21/18 Budsjett 2019 - kontroll og tilsyn – utvalet sitt framlegg
- 22/18 Revisor si egenerklæring for 2018
- 23/18 Referat- og orienteringssaker 04.09.18

- 24/18 Godkjenning av protokoll frå møtet 04.09.18
- 25/18 Prosjektplan – «Kvalitet og ressurseffektivitet innanfor pleie- og omsorgstenestene»
- 26/18 Orientering frå revisor om revisjon av rekneskapen 2018 – revisjonsplan
- 27/18 Møteplan for 2019
- 28/18 Referat- og orienteringssaker 06.11.18

Referat- og orienteringssaker 2018 - Tysvær kontrollutval

1. Orientering v/ordfører om formannskapssak 14/18 – «Internkontroll av barnevernet»
2. Kommunestyrevedtak 06.02.18, sak 16/18 – Forvaltningsrevisjon – «økonomistyring»
3. Statusrapport pr. februar 2018
4. Teneste 1100 Kontroll og revisjon – rekneskap 2017
5. Årsrapport og skatterekneskap 2017 - skatteoppkrevjaren i Tysvær kommune
6. Kontrollrapport 2017 vedk. skatteoppkrevjaren for Tysvær kommune
7. Fylkesmannen i Rogaland – Informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2018
8. Rapport frå Haustkonferansen i Sandnes 30.11.17 v/Gjerde og Paulsen
9. Rapport frå Kontrollutvalskonferansen 7.- 8.02.18 på Gardermoen v/Paulsen
10. HIM IKS – protokoll frå representantskapsmøte 29.11.17
11. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøte 15.12.17
12. Invitasjon frå Forum for kontroll og tilsyn - FKT- konferanse 29.-30.05.18

13. Kommunestyrevedtak 20.03.18, sak 27/18 – Oppfølging av rapport – «Internkontroll»
14. KSTvedtak 20.03.18, 28/18 – Oppfølg. av rapp. – «Kvalitet på opplæring i skulen»
15. Kommunestyrevedtak 20.03.18, sak 29/18 – Årsmelding2017 - kontrollutvalet
16. Statusrapport pr. mai 2018
17. Status frå KPMG om igangsatt forvaltningsrevisjon «Investeringsprosjekt»
18. Representantskapsmøtet 18.04.18 - Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS
19. Representantskapsmøtet 20.04.18 - Haugaland Vekst IKS
20. Representantskapsmøtet 23.04.18 - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
21. Innkalling til havnerådsmøte 26.04.18 – Karmsund Havn IKS
22. Innkalling til repr.skapsmøte 23.05.18 – Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS
23. Innkalling til generalforsamling 11.06.18 – Haugaland Kraft AS
24. Kommunal Rapport 05.02.18 – Bernt svarer: Taushetsplikt og lukket møte
25. Kommunal Rapport 07.05.18 – Bernt svarer: Komitémøte kan være fjernmøte
26. NKRF- veileder «God skikk og praksis for kontrollutvalgssekretariatene»
27. FKT - veileder «Hva kan kontrollutvalgene forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatene»
28. NKRF – framlegg til ny kommunelov bidrar til styrka eigenkontroll

29. Statusrapport pr. august 2018
30. Generalforsamlingsprotokoll 11.06.18 – Haugaland Kraft AS
31. Kommunestyrevedtak 12.06.18, sak 36/18 – Karmsund Havn IKS – selskapskontroll
32. Orienteringssak til FSK 21.08.18 – Månadsrapport pr. juli/august 2018
33. Kommunal Rapport 12.08.18 – Debattinnlegg av NKRF- leder – «Tillit og kontroll»

34. Statusrapport pr. oktober 2018
35. Kommunestyrevedtak 25.09.18, sak 54/18 – Forvaltn.rev.rapport «Investeringar»
36. Komm.styrevedtak 25.09.18, sak 56/18 – Fritak frå verv og nyval til kontrollutvalet
37. Hgsds Avis sin leder 05.09.18 om selskapskontroll av Karmsund Havn IKS
38. Kommunaldepartementet 26.06.18 – svar på henvending om møteoffentligheit
39. Kommunal rapport – professor Bernt svarar – retten til å stille spørsmål til ordførar
40. Kommunaldepartementet 15.10.18 – avlysning av møter i folkevalgte organ
41. Haugaland Kraft AS – innkalling til ekstraordinær generalforsamling 26.11.18
42. Varsel om tilsyn - samfunnstryggleik og beredskap i Tysvær kommune 4.12.18
43. Høstkonferansen 2018 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland – 22.11.18 – påmelding
44. HIM IKS – innkalling til representantskapsmøte 28.11.18
